

Søknad

Søknadsnr.	2015-0195	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
Prosjektnavn	Hedleberget Voss			

Kort beskrivelse

Til prosjektet Hedleberget på Voss søker me om midlar til å utvikla utescena i det gamle skiferbrotet. Me freistar føra opp eit grindbygg med skifertak over scena som vil gjera det enklare å arrangera større konsertar ute i alt slags ver.

Prosjektbeskrivelse

Hedleberget på Kyte var i byrjinga av 1900 den største arbeidsplassen på Voss, med omfattande uttak av skifer. No er det kun ein arbeidar att, og ei interessegruppa er skipa for å ivareta den unike historia. Gruppa har restaurert gamle bygningar, laga til ei utescene der det vert skipa til konsertar, og rydda opp i området. Tidleg på 2000-talet vart det laga til ein kultursti i området som ein no rustar opp. Mykje skog er allereie rydda, kart er laga og arbeidet med skilting er i gang. Interessegruppa er ein dugnadsgjeng på 10-15 stk som arbeider heile året for å ivareta historia på Hedleberget. Interessegruppa har i dei seinare år arrangert konsertar med stor suksess i Hedleberget. Sigrid Moldestad, Stein Torleif Bjella og "Vestlandsrevyen" er nokre av dei som har drege publikum i hopetal til grenda. Utviklinga på Hedleberget står i god stil til resten av Kytesgrenda, som er i medvind. Etablering av nye bustadfelt og nyskipinga av Voss Bryggeri er noko av det som gjer at det vert større bulyst i grenda! Voss sin reiselivsplan oppmodar folk til å satsa på i distrikta.

Til utescena er det behov for tak, og me ynskjer setja opp eit grindbygg med skiferheller på taket. Her vil det vera mogleg å ta av og på veggjar etter veret. Regn er den største trusselen mot utekonsertar, men med dette taket eliminerer me problema. Publikum toler regn - instrument gjer ikkje.

Interessegruppa for Hedleberget har mellom andre motteke støtte frå LivOGLyst-prosjektet til Hordaland Fylkeskommune 2013-2015, Voss kommune, Norsk Kulturminnefond og Voss Sparebank.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Interessegruppa for Hedleberget Org.nr:998081491	Langbrekk 7 5706 VOSS	91895205
Kontakt- person	Ingmar Hårklau	Langbrekk 7 5706 VOSS	91895205
Prosjekt- leder	Ingmar Hårklau	Langbrekk 7 5706 VOSS	91895205

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

LivOGLyst - Hordaland Fylkeskommune - motteke 100 000,- x 3 for 2013-2015

Voss Kommune - motteke 30 000,- x 3 for 2013-2015

Voss kommune til turskilting - motteke 5000,- i 2015

Norsk Kulturminnefond - motteke for tre tidlegare prosjekt.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Hedleberget på Kyte var i byrjinga av 1900 den største arbeidsplassen på Voss, med omfattande uttak av skifer. No er det kun ein arbeidar att, og ei interessegrupper er skipa for å ivareta den unike historia. Gruppen har restaurert gamle bygningar, laga til ei utescene der det vert skipa til konsertar, og rydda opp i området. Tidleg på 2000-talet vart det laga til ein kultursti i området som ein no rustar opp.

Mykje skog er allereie rydda, kart er laga og arbeidet med skilting er i gang. Interessegrupper er ein dugnadsgjeng på 10-15 stk som arbeider heile året for å ivareta historia på Hedleberget.

Interessegrupper har i dei seinare år arrangert konsertar med stor suksess i Hedleberget. Sigrid Moldestad, Stein Torleif Bjella og "Vestlandsrevyen" er nokre av dei som har drege publikum i hopetal til grenda.

Utviklinga på Hedleberget står i god stil til resten av Kytesgrenda, som er i medvind. Etablering av nye bustadfelt og nyskipinga av Voss Bryggeri er noko av det som gjer at det vert større bulyst i grenda!

Voss sin reiselivsplan oppmodar folk til å satsa på i distrikta.

Til utescena er det behov for tak, og me ynskjer setja opp eit grindbygg med skiferheller på taket. Her vil det vera mogleg å ta av og på veggjar etter veret. Regn er den største trusselen mot utekonsertar, men med dette taket eliminerer me problema. Publikum toler regn - instrument gjer ikkje.

Interessegrupper for Hedleberget har mellom andre motteke støtte frå LivOGLyst-prosjektet til Hordaland Fylkeskommune 2013-2015, Voss kommune, Norsk Kulturminnefond og Voss Sparebank.

Prosjekt mål

Utvikla Hedleberget - og skapa historiske opplevingar på ein funksjonell utescene som skal tiltrekka seg gode artistar og eit triveleg publikum.

Forankring

Voss Kommune - Iiril Schau Johansen - iril.schau.johansen@voss.kommune.no

Hordaland Fylkeskommune - Kari Patricia Kleppe - Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

Det trengst ikkje byggjeløyve for bygget. Grunneigaravtalar er signert.

Prosjektorganisering

Interessegrupper for Hedleberget er eit styre beståande av sju personar, alle med tilknytning til skiferbrotet og grenda. Aldersspannet er frå 30 til 85 år. Prosjekt- og styreleiar er Ingmar Hårklau, som til dagleg arbeider med logistikk i PostNord på Voss.

Samarbeidspartnere

Voss Grindbygg Trond Herfindal - erfaren byggjar av grindbygg på Voss

Jan Olav Grevle - einaste drivar i Hedleberget i dag. Erfaren skiferarbeidar med hjartet på rette staden.

Aktivitetar

Setje opp grindbygget - mai-september

Leggje heller på taket av grindbygget - mai-september

Målgrupper

Lokale vossingar - viktig å skapa lokal forankring og lojalitet hjå våre viktigaste støttespelarar

Bedrifter - bedriftsbesøk, teambuilding, konsertar.

Turistar - prosjektet siktar seg inn på å kunne ta i mot grupper for større eller mindre konsertar.

Med eit eksisterande overbygg på scena krev det mindre førebuingar til kvar konsert, og det vil gjera det mykje enklare for arrangør.

Resultat

Tak over scena. Enklare arrangement. Finare estetisk.

Effekter

Gode opplevingar

Bulyst i grenda og i kommunen

Det er avgjerande for arrangør med ein enklare konsertscene. Dette vert førebels drive på dugnad, og lysten til å få til meir aktivitet er stor! Ved å få eit permanent overbygg på scena minkar det arbeidsmengda for kvar konsert, og folk er villig til å vera med over ein lenger periode.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Oppstart av prosjektet er tenkt med ein gong snøen forsvinn i området. Prosjektet skal ferdigstillast før utgangen av sommaren 2016, avhengig av konsertar me planlegg. Grindbygget skal setjast opp før skiferen skal på taket.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Jan Olav Grevle skiferdrift	165 469					165 469
Voss Grindbygg Trond Herfindal	98 750					98 750
Sum kostnad	264 219					264 219

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	264 219					264 219
Sum finansiering	264 219					264 219

Geografi

1235-Voss

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Tilbod frå Voss Grindbygg_hedleberget.pdf	407 901	28.09.2015
Tilbod skifertak til grindbygg..docx	11 021	28.09.2015
Vedlegg Unike .pptx	9 560 020	28.09.2015